



Sykkylven kommune
Rådmannsteamet

KOMM. OG REG. DEP

28 JAN 2008

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Vår dato: 25.01.2008
Vår ref.: 2008/246-640/2008
Klassering:

Saksbeh.: Dag Flacké
Telefon: 70 24 65 53

Høringsuttale til Sørheimsutvalet sin rapport - inntektssystemet for kommunane

Det vert vist til høringsbrev, dagsett 26. oktober 2007. Kommunane blir bedne om å samordne høringsuttalane frå einskildkommunar, men kommunar som ønskjer å kome med eigne uttalar, er velkomne til å gjere det.

Formannskapet i Sykkylven har vedteke at ordførar og rådmann skal sende høringsuttale i saka direkte til departementet. Høringsfrist er 28. januar 2008.

Det er føresett i gjeldande politikk at kommunane skal vere den viktigaste aktøren for å oppretthalde og vidareutvikle eit godt tenestetilbod på viktige samfunnsområde. For at kommunane skal vere i stand til å levere likeverdige tenestetilbod i samsvar med stortingsfleirtalet sine intensjonar, er det viktig at dei økonomiske føresetnadane for at kommunane skal lukkast med dette samsvarar med slike politiske val. Dette gjeld ikkje minst i høve til at innbyggjarane i kommunane skal ha like økonomiske føresetnader for tenestetilboda, uavhengig av kor i landet dei bur.

Sjølv om Sykkylven kommune støttar mange av forslaga frå Sørheimutvalet, får også Sørheimsutvalet sine konklusjonar uheldige utslag, ikkje minst for Sykkylven kommune sitt vedkomande, som gjer det vanskelegare å levere likeverdige tenestetilbod.

Sykkylven kommune er i KOSTRA-gruppe 7 "*Mellomstore kommunar med lave bundne kostnader per innbyggjar, lave frie disponible inntekter*". Sykkylven kommune har låge frie inntekter samanlikna med andre kommunar i Møre og Romsdal fylke, og nest lågast brutto driftsinntekter av alle kommunar i Møre og Romsdal i 2006, trass at veksten i inntekter har vore høgare enn gjennomsnittet dei siste åra.

I oversikta over konsekvensar av Sørheimsutvalet si fleirtalstilråding les ein at Sykkylven kommune kjem svært dårleg ut, med eit tap i samla langsiktige inntekter pr. innbyggjar på kr. 644, tilsvarende ein årleg inntektsreduksjon på om lag 4,8 millionar kroner. Dette inneber ein svært uheldig effekt av utvalet sine tilrådingar, og Sykkylven kommune meiner at dette må skuldast ikkje-tilsikta konsekvensar.

Sykkylven kommune ber om at ein ser særskilt på dei negative konsekvensane av Sørheimsutvalet sine tilrådingar for Sykkylven kommune.

Generelt vil Sykkylven kommune uttale følgjande:

- Sykkylven kommune er samd med Sørheimutvalet at skatten sin del av kommunen sine inntekter bør utgjere om lag 50% av totale inntekter.
- For at velferdstilbødet til alle innbyggjarane i landet skal vere likeverdig, må inntektsforskjellane reduserast. Sykkylven kommune meiner at skatteutjamninga må aukast meir enn Sørheimutvalet foreslår. Sykkylven kommune ber også om at konsesjonskraftinntektene skal omfattast av inntektsutjamninga, sidan nokre kommunar har det meste av sine inntekter knytt til slike inntekter, medan eit fleirtal av kommunane ikkje har det.
- Sykkylven kommune støtter at selskapsskatten kan fjernast frå inntektssystemet under føresetnad av at bortfallet vert kompensert ved auke i det kommunale skattøre. Sjølv om selskapsskatt som del av kommunane sitt inntektssystem gir auka lokalt insitament, er den globale økonomien ein så viktig faktor for konjunkturutviklinga for mange næringar, at innbyggjarane sine velferdstilbød ikkje bør ver avhengig av slike utanomliggande faktorar.
- Sykkylven kommune støttar utvalet sitt forslag om å avvikle dei regionalpolitiske tilskota i dagens inntektssystem og erstatte desse med eit nytt distriktstilskot som er kopla opp mot det distriktpolitiske virkeområdet. Sykkylven kommune er skeptisk til å bruke skjønnsmidlar som del av slikt distriktstilskot. Skjønnsmidlar bør reduserast til eit minimum, og primært vere nytta i ekstraordinære situasjonar.
- Sykkylven kommune støttar ikkje Sørheimutvalet si tilråding om å bruke innbyggjartal per 1. juli året før budsjettåret for berekning av rammetilskot. Befolkningsutviklinga er relativt stabil, og endringar medfører i liten grad uvisse i høve til andre usikre moment i finansieringsordninga for kommunane.
- Sykkylven kommune støttar forslaget om å redusere den totale skjønnsramma til kommunane, og at det vert lagt inn i eit nytt distriktpolitisk tilskot og i ordinære rammetilskot. Skjønnsstilskot bør nyttast i særskilte høve der ein opplever raske endringar i lokale tilhøve som kommunane ikkje sjølv kan påverke. Skjønnsstilskot bør elles nyttast til kommunale og interkommunale utviklingsprosjekt.
- Sykkylven kommune støttar forslaget om å innføre eit nytt inntektsgarantitilskott som skjermar kommunane mot endring i rammetilskot som er kr. 300,- lågare per innbyggjar enn den generelle endringa i rammetilskotet i landet.

Med helsing

Jan Kåre Aurdal
ordførar



Dag Flacké
Kst. rådmann